



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet

Møtedato: 08.09.2016

Møtetid: 15:00 - 17.30

Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

| Desse medlemene møtte ikkje: | I staden møtte: |
|--------------------------------|-----------------------------|
| Bjørg Tveiterås (fagforbundet) | Heidi Gjerde (fagforbundet) |
| Øyvind Strømmen (MdG) | Gunn Totland Moss (Krf) |

Andre som var til stades på møtet:

Rådmann, sektorleiar organisasjon

| | |
|----------------------|------------------------------|
| Møteleiar: | Ordførar Knut Harald Frøland |
| Møtesekretær: | Rådmann Tone Ramsli |

Merknader:

Monica Tjønna (Sp) møtte kl. 15.30.

Oddrun Lemme Sandvin deltok på møtet fram til kl. 17.10.

| | |
|---------------------------------|---|
| Orienteringar/meldingar: | Notat med ulike problemstillingar var sendt ut saman med innkallinga. |
| Utalet sitt kvarter: | <p>Olaug Øystese (Ap) viste til det pågående arbeidet med oppfølging av Agenda-Kaupang rapport der kommunestyret har vedteke innstrammingar. Blant tilsette er det ein del uro/engstelse for denne prosessen. Det er derfor viktig med god informasjon og det er uheldig at arbeidsplassane ikkje er varsla når det t.d. vert gjort undersøkingar/kjem besøk på arbeidsplassen. Rådmannen informerte om at det i sist møte i styringsgruppa var konkludert med at det skal utarbeidast informasjon om prosessen som skal gå til dei tilsette.</p> <p>Odd Arne Haga (Frp) spurde om møteinnkallingar også kan sendast til privat e-postadresse. I dag blir møteinnkallingar berre sendt til dei folkevalde si kommunale e-postadresse.</p> |

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 25.11.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

| Saker til handsaming på møtet | | | |
|-------------------------------|----------|-------------|---------|
| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
| 006/16 | 16/782 | Faste saker | |

SAKNR. 006/16

FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

08.09.2016 ADMINISTRASJONSUTVALET

Handsaming i møtet:

Møteinnkallinga og saklista vart samrøystes godkjent.

Odd Arne Haga (Frp) ba om at det vert sendt ut varsel om at det er sendt dokument/innkalling til «kommuneadressa».

Rådmannen svarte at det er den vlege rutinen, men at innkalling vart sendt då dei som vanlegvis arbeider med det ikkje var til stades.

Det var elles ikkje merknader til innkallinga og saklista.

Før diskusjonen knytt til problemstillingar i utsendt notat orienterte administrasjonen om situasjonen på løn- og personalavdelinga. Kommunen har hatt og vil enda ei stund ha ein krevjande situasjon med underkapasitet. Hausten 2015 kom det nye personar inn i dei to stillingane. Ingen av dei hadde bakgrunn i offentleg sektor. Det vart hausten 2015 sett inn ein ekstra stillingsressurs på 50%, ei ordning som var tenkt å vara berre fram til årsskiftet 2015/2016. Det har vore nødvendig å oppretthalda denne ekstra ressursen heilt fram til no, Denne ressursen er henta frå rådmannsgruppa – 50% konsulentstilling. I tillegg har særleg sektorleiar for organisasjon måtte arbeide på personalområde, noko som igjen har gått ut over fleire av hans oppgåver. Dette viser att t.d. ved at administrasjonsutvalet ikkje har fått til handsaming lønspolitisk plan. Personalsjefen har no sagt opp. Rådmannen sin første prioritet er at dei tilsette skal få løn og rett løn, og med dei erfaringane me har gjort oss det siste året har me i større grad trekt fram lønsarbeid som viktig i stillinga som no er lyst ut.

Kommunen har i dag ikkje digitale verktøy for elektronisk overføring av timelister m.m. til lønssystemet. Slike verktøy bør koma på plass, både for å effektivisera og for å redusera talet på feilkjelder i lønsarbeidet.

Administrasjonsutvalet vart innvitert til å diskutere desse problemstillingane:

Kva med tilsette som fungerer därleg?

Utvalet var m.a. innom desse tema

- ❖ Kvifor har ikkje kommunen prøvetid –administrasjonen vil på bakgrunn av diskusjonen kome attende med sak om prøvetid.
- ❖ Arbeidet rundt tilsettingar, referansesjekk, gode og systematiske intervju, opplæring i intervju-teknikk, ekstern vurdering i særlege viktige stillingar
- ❖ Spesifikke arbeidsavtalar slik at den tilsette veit kva arbeidsoppgåvene er og også at leiar kan påpeike konkrete avvik
- ❖ Ansvarlege leiarar/mellomleiarar som tør å gripe fatt i sakene før dei kjem for langt
- ❖ Avviksmeldingssystem
- ❖ Bruk av medarbeidarsamtalar

Sjukmelde – tilrettelegging, kan arbeidsgjevar stille spørsmål ved sjukmeldinga

Tema ein var innom

- ❖ Volumet på sjukefråværet i kommunen.
- ❖ Aksept både frå leiar og kollegaer at ein i periodar yter mindre
- ❖ Bruke aktivt dei rutinane som finst – dialogmøte, vårt eige system for oppfølging med m.a. ta telefonisk kontakt snarast mogleg, snakke om tilrettelegging med den det gjeld.
- ❖ Fokus på dei som er på jobb
- ❖ Arbeidsmiljø – folk som trivst på jobb er mindre borte

Samarbeid mellom tillitsapparatet og arbeidsgjevar

HTV i alle foreiningane . Fagforbundet, Sjukepleiarforbundet, Utdanningsforbundet og Delta var tidlegare i veka saman med arbeidsgjevar på felles opplæring i Hovudavtalen. Her fekk ein mange tips til korleis ein kan arbeida saman.

Rådmannen tek sikte til å innføre faste møte som går uavhengig av om det er konkrete saker å drøfte. HTV Utdanningsforbundet foreslo 3 møte i halvåret.

Lønspolitisk plan

I notatet vart det vist til at det skal gjennomførast lokale lønstingingar i kap 3 og 5 i haust.

Sektorleiar organisasjon viste til at det ofte vert sagt i tingingane at Samnanger lønar därlegast i Hordaland/ av nabokommunane. Han stilte spørsmål om det er viktig for kommunen å koma bort frå evt. slike plasseringar.

Rekrutteringsproblem vart nemnd som ein grunn til å auka løna i bestemte stillingar. Det vart også vist til at kommunen bør ha ein politikk for å behalda personar særleg i stillingar der skifte kan vera spesielt krevjande for kommunen.

ADM-006/16 VEDTAK:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjend. Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.